

## **Desse prosjekta får støtte gjennom KOM-ordninga, omgang 2, 2018.**

### **1. Frodige Saupstad/Biprodukt**

Søkar: Trondheim kommune

#### **Tilsegn: 500 000 kroner**

Saupstad-Kolstad, ofte kalla «Den hvite by», er den største samla bustadutbygginga i Trondheim. Den tok til på slutten av 1960-talet, og det markante heilskapspreget, gjennomført på eit svært stort område, med fleire separate byggetrinn, er for ein stor del i god behald. Utbygginga er epokegjerande, da trafikken blei halden heilt utanfor dei store, parkliknande tuna. Satsinga på kunst i bydelen er knytt til eit områdeløft-program i perioden 2013–2020. Satsinga er utløyst av m.a. låg skår i levekårundersøkingar.

Utviklinga av uteområdet gjennom mange delprosjekt, som spenner frå nye skuleplassar, nærmiljøanlegg og aktivitetspark til urban dyrking, uformelle møtestader langs ferdsselsårene, betra tilbod til gåande og syklande og bruk av vegetasjon.

Det er planlagt både temporære og varige kunstprosjekt. Alle offentlege plassar, gangstiar og uformelle møtestader er aktuelle område. Det same er område knytt til den nye metrobuss-traseen, som går som ei hovudpulsåre gjennom området. Saupstad sentrum, med butikkar, bibliotek, helsehus, lege, tannlege m.m., skal bli bygd om med tilhøyrande uteområ og torg. Dette sentrummet er også ein interessant stad for kunst, gjerne i samarbeid med det lokale biblioteket og den private sentereigaren Nærcenter Utvikling AS (naersenter.no). Ei ny gangbru som er planlagt frå denne bydelen til bydelen Tiller, blir også vurdert som aktuell. Bydelen har flere gangbruer og undergangar som fører fotgjengarar inn og ut av området, og flere adgangspunkt som egnar seg til inviterande og identitetsskapande kunstprosjekt.

### **2. 10 år på Heidal skule**

Søkar: Sel kommune

#### **Tilsegn: 300 000 kroner**

Sel kommune vil invitere kunstnarar til å følgje ei skuleklasse gjennom eit heilt grunnskuleløp, frå 1. til 10. klasse. Når kunstnarar møter elevar, er det som oftast i samband med korte besøk gjennom Den kulturelle skulesekken eller utsmykkingsoppdrag. Dette kunstprosjektet inneber samhandling over tid. Skulen blir ein arena for kunstproduksjon, og elevar og lærarar får oppleve kunstnarar i arbeid og ta del i den skapande kunstnariske prosessen. Kunstnarane blir invitert inn i ein pedagogisk kontekst, men kvar dag og omgivnadene til elevane vil også kunne prege prosjektet.

Dei inviterte kunstnarane kjem til skulen med eigne prosjekt og må involvere og rettleie elevar og lærarar i arbeidet sitt. Konteksten gjer at dei må tilpasse arbeidet og prosessen til denne skulen, denne arbeidsplassen, denne staden. Kunstnarane må vere pragmatiske og fleksible og vise respekt for ansvaret og oppgåvene til skulen. Målet med prosjektet er å gje denne skulen, denne klassa og lærarane ei unik moglegheit til å få nye opplevelingar, tankar og kunnskap.

### **3. Sydande Sauda 2**

Søkar: Sauda kommune

#### **Tilsegn: 300 000 kroner**

Prosjektet *Sydande Sauda* handlar om stadutvikling i Sauda, om å utvikle Sauda sentrum til å bli ein interessant, levande og attraktiv stad å bu og besøke. Forholdet mellom sentrum, fjord og elv skal bli styrkt og utvikla, og eteromma i sentrum – området som heiter Øyra – skal bli identitets- og aktivitetsskapande møteplassar.

For å skape ein offentleg dialog om framtidig utvikling av Sauda sentrum inviterer kommunen landskapsarkitektar, kunstnarar og arkitektar til å delta i ein moglegheitsstudie. Formålet med studien er å få fram fleire moglege løysingar. Forsлага blir brukt som grunnlag for å utarbeide ein byromstrategi for Sauda, eit politisk vedtatt styringsverktøy med forslag til strakstiltak, midlertidig bruk av byrom og langsiktige mål for utvikling. Denne strategien skal knytast til arbeidet med ny sentrumsplan for Sauda.

I eit forprosjekt som nyleg er gjennomført, blei kunstnarane Martin Andersen, Geir Egil Bergjord og Anna Ihle invitert til å gjennomføre kunstnariske intervensionar i Sauda knytt til identitet og tilhørsel. Formålet var å sette i gang refleksjon og debatt om Sauda som stad. Ein av ideane i «13 ville idear for Sauda» av Martin Andersen var å plante 104 blodlønn rundt om i Sauda viss smelteverket tar imot 104 båtar i løpet av eit år.

### **4. 1110**

Søkar: Telemark fylkeskommune

#### **Tilsegn: 400 000 kroner**

I samband med bygginga av nye Skien vgs på Klosterøya blei fleire kunstnarar invitert til å utvikle temporære eteromsprosjekt knytt til skulebygget og omkringliggende parkområde. Kunstnar Eirin Støen inngjekk eit samarbeid med Spriten kunsthall og musikklinja ved Skien vgs. Prosjektet har utvikla seg til ein permanent arkitektonisk skulptur og eit visningsrom for eksperimentell musikk og lydkunst. Eigedomsutviklar Steinar Moe, som eig parken og området rundt, er også med på samarbeidet.

Spriten kunsthall husar konsertserien Nlyyd, som kvart år produserer og viser fram musikarar, komponistar og kunstnarar. På musikklinja ved Skien vgs blir elevar både undervist og engasjert i avantgardistisk og eksperimentell produksjon av elektronisk lyd og musikk.

Bygget og den fysiske identiteten til konstruksjonen er utvikla av Rintala / Eggertsson Arkitekter i nær dialog med Støen og Notam. Høgtalarar vil bli integrert i ei form som skaper kringlyd. I og rundt konstruksjonen vil det også vere ulike sensorar som komponistane kan bruke til å påverke lyden i sanntid. Plasseringa ytst i parken, der ei ny gangbru vil komme inn over kanalen, er også viktig for prosjektet. Parken er open, men likevel intim. Det vil også bli bygd servicebygg som eit bakeri, ein restaurant og kajakkutleie der. Tittelen på prosjektet, 1110, viser til det omtrentlege byggeåret til klosteret på øya og det binære talsystemet som er utgangspunktet for programmering.

### **5. Mandela, kunst og byrom**

Tromsø sjøfront

Søkar: Tromsø kommune

#### **Tilsegn: 500 000 kroner**

Tromsø kommune og KORO har sett i gang eit samarbeid om kunst og byrom langs sjøfronten i Tromsø. Tromsø kommune ønskjer eit permanent kunstprosjekt langs sjøfronten som eit ledd i utviklinga av den nye sentrumsplanen. Prosjektet skal samtidig utforske nye moglegheiter, nye former for medverknad og involvering av både kunstnarar og innbyggjarar i prosessane for å utvikle felles byrom.

Tromsø er ein internasjonal by kor verdiar som toleranse, humanisme og solidaritet står sterkt. Da Nelson Mandela besøkte byen i 2005, snakka han om frigjering og forsoning. Sentralt i alle verdiane er fellesskap.

Element som kan inngå i arbeidet med eit kunstverk for Mandela:

- byrom som speglar verdiane toleranse, humanisme og solidaritet
- utvikling av ein fysisk møteplass
- residens for sør-afrikanske kunstnarar i Tromsø som del av konkurransiform
- styrking av relasjonen mellom Tromsø og Sør-Afrika
- samarbeid/brubygging mellom ulike aktørar

Kunstverket er tenkt som det første permanente fysiske kunstverket langs sjøfronten som skal utviklast som ein del av

## **6. Kunst som utviklingskraft på Lierstranda – del 1**

Fjordparken på Lierstranda

Søkar: Lier kommune

**Tilsegn: 300 000 kroner**

Lier kommune skal bruke kunst som utviklingskraft i utviklinga av den nye Fjordbyen ved Lierstranda, eit nytt knutepunkt mellom Oslo og Drammen. I framtida skal knutepunktet huse 20 000 arbeidsplassar og bustader for 10 000 menneske. Som eit forprosjekt skal ein etablere ein temporær kunstarena i Fjordparken på Lierstranda, som er kopla til eit turstinet langs Drammenselva med badestrand og treningsapparat.

I dag er Lierstranda eit industriområde med logistikk- og lagerverksemnd. Det er behov for å etablere ein ny, urban identitet som integrerer dagens identitet knytt til natur, kultur og landbruk.

Kunstprosjektet skal forme staden og gje den nye kvalitetar, og bidra til at fleire opplever og bruker staden og deltar i debatten om kva slags stad Fjordbyen skal vere. Kunstprosjektet skal engasjere og mobilisere innbyggjarane i drøftingar om stadutvikling i Fjordbyen. Prosjektet er også tenkt som ei alternativ og supplerande tilnærming til byråkratiske og marknadsdrivne medverknadsprosessar.

## **7. Båret av vinden – ført av strømmen**

Loftgårdsbrua i Otta

Søkar: Sel kommune

**Tilsegn: 300 000 kroner**

Loftgårdsbrua i Otta sentrum blei oppført i 1942. Den var opphavleg kjørebru over elva Gudbrandsdalslågen og del av riksveg 15 frå Otta oppover Ottadalen, men fungerer nå som gangbru inn mot sentrum av Otta. Brua har eit totalspenn på 39,6 meter og verkar i dag som ein overdimensjonert og pussig reminisens frå eit forlate trafikkmönster.

Sel kommune ønskjer eit permanent kunstnarisk verk med ein «stoppeffekt» ved inngangen til byen, ein ny og unik visuell markør for Otta. I tillegg ønskjer kommunen å gje Loftgårdsbrua nytt innhald.

Seint i 2016 blei Marius Dahl og Jan Christensen invitert til å utvikle eit skisseprosjekt for eit permanent verk på bruа. Prosjektet tar sikte på å utvide bruа og installere tre skulpturelle paviljongar som skal gjere området til ein sosial møteplass og eit utkikkspunkt. Bruа ligg tett på fleire av dei mest kjende naturområda i Noreg, og har spektakulær utsikt både oppover og nedover dalen. Tittelen på verket viser til naturkreftene, samtidig som utforminga dannar ei beskyttande ramme mot vêr og vind og tillèt uhindra utsyn. Søylene og dei skråstilte taka på paviljongane skaper ein dynamisk silhuett som sender tankane til tømmerfløyting, isløsing, vindkast og fjellformasjonar.

## **8. Det e me som bur her!**

Undergangen ved riksveg 40, Veggli sentrum

Søkar: Barnas kunstverksted i Rollag.

### **Tilsegn: 300 000 kroner**

Barnas kunstverksted i Rollag ved bildekunstnar Gunvor Nervold Antonsen er invitert av Rollag kommune i Numedal til å stå for kunstnarisk utsmykking i leikeparken og gangvegen ved ei motorvegbru i Veggli sentrum. Barnas kunstverksted ønskjer å utvikle eit prosjekt som inkluderer barn og ungdom frå Veggli barne- og ungdomsskule og Rollag barnehage, som bruker området mykje. Det same gjer hyttefolk og andre innbyggjarar i Rollag kommune.

Barna skal utvikle skulpturar og utsmykking i samarbeid med profesjonelle bildekunstnarar med tilknyting til distriktet. I tillegg til å utvikle dei fysiske omgivnadene er intensjonen også å gje barna i Rollag kommune innsikt i ein kunstnarisk skaparprosess.